

Notat

Går til: Styret i Helse Vest RFH
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 07.10.11
Frå: **Hanne Løvereide Årstad m.fl.**
Saka gjeld: **Definisjonar og utgreiing av spesialisthelsetenesta sitt ansvar for ulike typar innvandrarar**

I styremøtet 15. mars 2011 bad styret om eit oppfølgingsnotat som definerar kva som ligg i ulike nemningar om innvandrarar, samt gjere greie for spesialisthelsetenesta sitt ansvar for helsetenester til ulike grupper innvandrarar.

Bestillinga er tolka dit hen at ein ønskjer ei avklaring av ansvar for å tilby helsetenester ut frå gjeldande lovgjeving. Følgjande problemstillingar er nærare vurdert:

- Innvandrarar og deira rett til helsehjelp, sjå også vedlagte oversikt.
- Spesialisthelsetenesta sitt ansvar for helsehjelp

Innvandrarar og deira rett til helsehjelp

Pasientrettighetslova § 1-2 slår fast at opphaldskriteriet er gjeldande for retten til helsehjelp. Dette inneber at alle som oppheld seg i riket har rett på helsehjelp.

Kva ein har rett på er nærare definert i kap 2. Retten til helsehjelp er ulik alt etter kva grunnlag du har opphald på. Dette er nærare gjort greie for i prioriteringsforskrifta av 1. desember 2000 nr 1208. Forskrifta, § 1, skil mellom dei med fulle rettar til helsehjelp etter lova og dei med reduserte rettar til helsehjelp etter lova.

Alle rettar etter pasientrettighetslova har i følgje forskrifta sin § 1 berre dei som har lovleg opphald i riket og oppfyller eit av følgjande tilleggskrav sitat:

- a) har fast opphald i riket, det vil si opphald som er ment å vare eller har vart minst 12 måneder, eller*
- b) er medlemmer av folketrygden med rett til stønad ved helsetjenester, eller*
- c) har rett til helsehjelp i henhold til gjensidighetsavtale med annen stat (konvensjonspasienter).*

“Lovleg opphald” i forskrifta er knytt opp til utlendingsregelverket. Det er ikkje avgjerande kva grunnlag vedkommande har fått sitt opphald på, til eksempel opphald av humanitære grunnar, opphald av beskyttelsesgrunnar eller anna. Det er heller ikkje avgjerande om vedkommande er busett på eit asylmottak (statleg mottak, ordinært mottak, transittmottak) eller direkte i ein kommune.

Dei som ikkje har lovleg opphald eller midlertidig opphald som ikkje er meint å vare i minst 12 månadar har reduserte rettar etter pasientrettighetsloven. Når det gjeld personar under 18 år er det gjort eit unntak; dei har alle rettar etter pasientrettighetsloven uavhengig av om dei har lovleg opphald eller ikkje.

Alle, sjølv om dei ikkje har lovleg opphald, har rett på øyeblikkeleg helsehjelp og rett til å få ei vurdering av helsetilstanden. I tillegg har alle rett på helsehjelp som er helt nødvendig og som ikkje kan vente. Vidare viser lova til at alle skal få nødvendig helsehjelp før og etter fødsel, rett til svangerskapsavbrot og smittevernshjelp. Under fengselsopphald skal dei utan lovleg opphald ha tilnærma same rett til helsehjelp som andre innsette. Kva helsehjelp som ikkje kan venta er nærare gjort greie for i merknadar til forskrifta.

Bestemminga regulerer ikkje dekning av kostnader til helsehjelp. At ein person har rett på helsehjelp inneber ikkje at han har rett på slik hjelp vederlagsfritt. Personar utan lovleg opphald skal som hovudregel betale for den helsehjelp som dei mottar. Det er etter gjeldande praksis ikkje lov å krevje forhandsbetaling for øyeblikkeleg hjelp eller helsehjelp frå spesialisthelsetenesta som ikkje kan venta. Når det gjeld utgifter til tvungent psykisk helsevern blir dette dekkja av staten for personar utan lovleg opphald.

Sjølv om det er uvisst kor lenge ein asylsøkar skal bli i landet, har dei i utgangspunktet dei same rettar til helsetenester. Avgjer om behandling skal likevel alltid basere seg på ei individuell vurdering. I nokon tilfelle skal det ikkje innleiast langvarig behandling for mindre alvorlege tilstandar, med mindre ein utsetting av behandling kan medføre ei vesentleg forverring av tilstanden.

Sjå vedlegg. Det er sett opp ein oversikt over grupper av innvandrarak med definisjonar og tilvising til lova.

Spesialisthelsetenesta sitt ansvar:

Lov om spesialisthelsetjenesten § 2.-1a: *De regionale helseforetakene skal sørge for at personer med fast bopel eller oppholdsted innen helseregionen tilbys spesialisthelsetjeneste i og utenfor institusjon.*

Kva tenester spesialisthelsetenesta er ansvarleg for er ramsa opp i lova. Personkretsen lova her viser til er den same som pasientrettighetsloven og prioriteringsforskrifta viser til.

Innvandrarak med fulle rettar på helsehjelp har dei same rettar når det gjeld helsetenester som ein vanlig norsk statsborgar og skal ha eit likeverdig tilbod. Dette er stadfesta i lov om helseføretak § 1-1 2. ledd. Helselovgivinga set også krav om at hjelpe skal vera forsvarleg, jf spesialisthelsetjenestelovea § 2-2. og lov om helsepersonell § 4. Tilbodet til dei utan fulle rettar på helsehjelp skal også vere likeverdig og forsvarleg.

Det er spesialisthelsetenesta sitt ansvar å leggja til rette for at tilbodet blir likeverdig og forsvarleg. Kva utfordringar dette gir er nærare omtala i saka.

Oversikt over ulike nemningar om innvandrarar knytt opp til lovgjeving om helsehjelp

Nemningar	Innhald/ definisjon	Lovgjeving
Innvandrar	En person med to foreldre som er født i utlandet og som sjølv har innvandra til Noreg.	
Asylsøkar	Ein person som kjem til Noreg og ber myndigheitane om beskyttelse og anerkjenning som flyktning har asylsøkarstatus inntil søknaden er behandla og vedtak fatta i saka.	Lovleg opphald, jf prioriteringsforskriftens §1, 1 ledd Alle rettar etter pasientrettighetslovens kap 2
Einsleg mindreårig asylsøkar	Personar under 18 år som kjem til Noreg utan foreldre eller andre som utøve foreldreansvaret	Alle rettar etter pasientrettighetslovens kap 2
Flyktning	Ein person som oppfyller vilkåra for å bli flyktning etter FNs flyktningkonvensjon eller norsk lov (søknad frå asylsøkar godkjend)	Lovleg opphald – jf prioriteringsforskriften §1, 1. ledd Alle rettar etter pasientrettighetslovens kap 2
Opphald på humanitært grunnlag	Er eit samleomgrep for fleire løyve til å opphalde seg i Noreg, som kan gis etter ein individuell vurdering til personar som ikkje fyller krava for å få beskyttelse i samsvar med lov, men som gis til personar dersom det ligg sterke menneskelege omsyn for det eller vedkommande er særleg knytt til Noreg	Lovleg opphald, jf prioriteringsforskriftens §1, 1 ledd Alle rettar etter pasientrettighetslovens kap 2
Familiegjenforeina	Midlertidig eller permanent løyve til å opphalde seg i Noreg som kan gis til nære familiemedlemmar av personar med lovleg opphald i Noreg	Lovleg opphald, jf prioriteringsforskriftens §1, 1 ledd Alle rettar etter pasientrettighetslovens kap 2
Personar utan lovleg opphald	Ikkje gyldig løyve til å opphalde seg i Noreg	Avgrensa rettar , jf prioriteringsforskriften § 1, 3 og 4 .ledd
Midlertidig opphald	Dei som har lovleg opphald utan å vere busett	Gjensidig avtale med andre land, konvensjonspasientar – fulle rettar, jf prioriteringsforskrifta § 1 1.ledd Dersom ein gjensidig avtale ikkje kan gjerast gjeldande har pasienten avgrensa rettar, jf prioriteringsforskrifta § 1 3, og 4. ledd.